



UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetsdirektøren

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref
2010/03516 KV IE:amb

Vår ref
2010/12119-MOR

Dato
07.01.2011

Høring om endringar i arkivforskrifta - Journalføring av dokument i innsynssaker og arkivmessig handsaming av tekstmeldingar

Vi viser til departementet si høringssak, dagsett 22.10.10 om endringar i forskrift 11.12.98 nr. 1193 om offentlege arkiv.

Når det gjeld journalføring av dokument i innsynssaker, vil vi peike på at skiljet mellom arkivering og journalføring er mindre tydeleg etter innføringa av fullelektronisk sakshandsaming og arkiv, og at det derfor ofte til vera like formålsteneleg å journalføre alle dokumenta i innsynssaker. Universitetet har likevel ikkje prinsipielle innvendingar mot dette framlegget til endring i arkivforskrifta.

Arkivmessig handsaming av tekstmeldingar bør, som for e-postar, avhenge av innhaldet i dokumentet. Dersom tekstmeldinga inneheld vesentleg informasjon i saka, vil det vera dokument etter offentleglova og arkivlova. Vi har merkt oss at det ikkje vil vera noko til hinder for å arkivere og journalføre saksrelevante tekstmeldingar når ein finn grunn til det, og er samd i at det teknologinøytrale dokumentomgrepet ikkje blir rørt ved.

Med helsing

Kari Tove Elvbakken

Hilde Hvidsten Bretvin

Kopi
Kunnskapsdepartementet